



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2012

Tannhelsetenesta



Årsmelding tannhelsetenesta 2012

Samandrag

Tannhelsetenesta utførte i 2012 tenester på bakgrunn av oppdragsbrev frå fylkesrådmannen.

Pr. 31.12.2012 har tenesta 28 klinikkar med fast bemanning og 4 ambuleringsklinikkar.

Det er utført til saman 98,4 årsverk i den offentlege tannhelsetenesta i 2012. Av desse er 33,7 tannlegeårsverk og 13,4 tannpleiarårsverk.

Om lag 80 % av dei tilsette i tannhelsetenesta er kvinner. Grunna omorganiseringa av tannhelsetenesta er det inga leiargruppe.

I 2012 vart det tilsett 4 nye tannlegar. Ved utgangen av året er det 7 ledige tannlegestillingar. 5 permanente og 2 midlertidige.

Den offentlege tannhelsetenesta har hatt 35 698 pasientar under tilsyn i 2012. Dette utgjer om lag 33,6 % av befolkninga i fylket.

Av det prioriterte klientellet har tannhelsetenesta hatt 27 791 pasientar under tilsyn. Dette utgjer 94 % av totalt tal i gruppa og er ein liten auke i høve 2011. Målsetjingane for dei prioriterte pasientgruppene er oppfylt. I tillegg er 50 pasientar i fengsel og 138 ruspasientar under tilsyn. Fengsels og ruspasientar har rettar etter rundskriv frå Helse og omsorgsdepartementet, ikkje lov eller forskrift.

Tannhelsesdata for nøkkelårskulla 5 -, 12 - og 18 - åringane syner nok ein gong svært gode resultat. For 5-åringane er resultatet det beste nokon gong. For 12-åringane er

resultatet på nivå med 2011. 18 -åringane har ei forverring av resultatet i høve 2011.

Tannhelsetenesta har i 2012 hatt provisjonsavtale med tannlegane og ei ordning med utbetaling av fast beløp som erstatning for innsatsbasert løn for tannpleiarar og tannhelsesekretærar / assistentar til eventuell ny avtale om innsatsbasert løn føreligg.

Fylkestinget vedtok i juni 2011 Organisering og leing og klinikkkstruktur for tannhelsetenesta. 2012 har vore eit år der tannhelsetenesta har vore gjennom omorganisering. Distrikta opphøyrd 1.1.2012. Det er innført sentral leing med stabsfunksjonar. Tannklinikkanane er no meir sjølvstendige einingar med klinikksjef som lokal leiar.

Tannhelsetenesta er ein aktiv medspelar i folkehelsearbeidet og er representert i fleire samarbeidsprosjekt internt i fylkeskommunen, mellom andre fylkeskommunar og mot andre kommunar. Tannhelsetenesta har eit godt samarbeid med fylkesmannen og det er etablert samarbeid med helsetenesta i 26 av kommunane i fylket.

Rekrutterings- og stabiliseringstiltak som vart vedtekne i fylkestinget i 2007 er vidareført i 2012.

Tannhelsekompetansesenter Vest er etablert med avdelingar i Rogaland og Hordaland. For Sogn og Fjordane må det takast stilling til omfang og driftsmodell for vår avdeling. Målet er at avdelinga i skal vere etablert i løpet av 2016.

Innleiing

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er organisert som ein institusjon direkte underlagt fylkesrådmannen.

Direktøren for tannhelsetenesta er fagleg og administrativ leiar.

Tannhelsetenesta er organisert med sentral leiing og klinikkar med klinikksjef som

lokal leiar. Klinikane er delt i sentral-, lokal og ambuleringsklinikkar.

Pr. 31.12.2012 har tenesta 28 klinikkar med fast bemanning og 4 ambuleringsklinikkar. Kvar våre klinikkar skal vere lokalisert vil vere avhengig av tilgong på nøkkelpersonale og pasientar.

Lovgrunnlag

”Lov om tannhelsetjenesten” pålegg fylkeskommunen å syte for at tannhelsetenester, her medrekna spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket.

Følgjande grupper er prioriterte:

- a. barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- b. psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- c. grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie

d. ungdom frå 18 år til og med det året dei fyller 20.

e. andre grupper som det er fatta vedtak om i godkjent plan

I tillegg kan den offentlege tannhelsetenesta ved kapasitet yte tenester til vaksne betalande pasientar. Sogn og Fjordane har no ingen vedtak om pasientar i prioritert gruppe E.

Førebyggjande tiltak vert prioritert framfor behandling.

Styringssystem

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar balansert målstyring som gjennomgåande styrings- og rapporterings-system. Det sektorspesifikke målekartet for tannhelsetenesta er samordna med det overordna målekartet for fylkeskommunen. Sektorspesifikke mål er definerte i forhold til omfang av tenester, økonomi, regional

utviklingsaktør, personalutvikling og kvalitet på interne prosesser.

Den offentlege tannhelsetenesta har i 2012 utført sine tenester til innbyggjarane i Sogn og Fjordane ut frå ansvarsbrev frå fylkesrådmannen.

Aktivitet

Omfang av tenesta

Den offentlege tannhelsetenesta har hatt totalt 35 698 pasientar under tilsyn i 2013.

Dette utgjer om lag 33,6 % av befolkninga i fylket.

Av det prioriterte klientellet har tannhelsetenesta i 2012 hatt 27 791 pasientar under tilsyn. Talet er noko høgare enn i 2011. 94 % av pasientane i prioriterte grupper er under tilsyn, dette er ein auke frå 2011. Det har også i 2012 vore problem med automatisk oppdatering av

pasientlistene i vårt journalsystem, noko som gjer at totalt tal prioriterte pasientar er noko usikkert i 2012. Vi reknar med at problema med oppdateringar er løyst tidleg i 2013.

Tabellen på neste side syner % under tilsyn i dei prioritert pasientgruppene.

Prioriterte grupper	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Mål 2012
Gr.a Born og ungdom 3-18 år	95	95	96	95	94	95	96	97	97	98	95
Gr.b Psykisk utviklingshemma	91	95	97	97	97	95	95	95	95	95	95
Gr.c Grupper eldre, langtidssjuka, uføre, C1 og C2	70	72	74	84	88	86	85	84	82	81	75
Gr.d Ungdom 19-20 år	68	71	68	70	78	83	80	78	78	89	70
Total % under tilsyn	89	90	91	92	92	93	93	94	89	94	86

For at ein pasient er ”under tilsyn” må følgjande vere oppfylt:

- Det er etablert rutinar for innkalling og tilsyn
- Pasienten har vore undersøkt av tannlege eller tannpleiar
- Pasienten har fått naudsynt behandling

Sjå elles vedlegg 2 Omfanget av tannhelsetenesta 2012.

Det er god kontroll med dei prioriterte pasientgruppene.

Det er etablert gode rutinar for å sikre tannhelsetilbodet til gr. C. Ved vakansar i tannlegestillingar vert det i nokre høve vanskar med oppfølging av behandlings behov. I slike situasjonar er det kjøpt tenester i privat tannhelseteneste eller tannhelsepersonale har ambulert til aktuell klinikk.

6 500 vaksne betalande pasientar har vore undersøkt og behandla i den offentlege tannhelsetenesta i 2012 og 7 907 er under tilsyn.

Offentleg tilsette tannlegar arbeider i til saman om lag 50 % stilling ved Kjevekirurgisk poliklinikk på Førde Sentralsjukehus, og dei behandlar der pasientar i narkose. I 2012 er det behandla 164 pasientar i narkose og 10 pasientar er henvist internt på sjukehuset.

Det er i 2012 sendt 21 varsel til føresette og 9 bekymringsmeldingar til barnevern frå tannhelsetenesta. Tal barn 3-18 år pr. melding er 2 569. Dette er ein auke i tal meldingar i høve 2011. Dette tyder på at tannhelsepersonalet har teke inn over seg dei nye rutineane vi har for samarbeid med barnevernet og at rutineane fungerer.

Folkehelsearbeid

Tannhelsetenesta har i tråd med overordna strategisk handlingsplan utarbeidd eigen folkehelseplan 2011-2013. Dei faktorane som gjev god generell helse gjev og god tannhelse. Mange avgjerder som påverkar tannhelsa vert ofte tekne utanfor helsesektoren eller tannhelsetenesta sitt ansvarsområde. Tannhelsetenesta må difor samarbeide med kommunar, statlege instansar og andre samarbeidspartnarar for å redusere helserisiko i befolkninga og betre helsa for den enkelte.

Målet er at tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere ein aktiv partnar i folkehelsearbeidet og skal sørge for at tannhelsetenesta blir integrert i det generelle partnerskap for folkehelse i fylkeskommunen og kommunane.

På fylkesnivå er det etablert eit godt og fungerande samarbeid mellom tannhelsetenesta, dei andre sektorane i fylkeskommunen og avdelinga hjå fylkesmannen som har ansvar for folkehelsearbeid. Samarbeidet er i 2012 vidareført både internt i fylkeskommunen og med fylkesmannen.



Samarbeidet om folkehelsearbeid i fylkeskommunen har omfatta:

- “Pupp til kopp”
- “Vassflaska mi”
- Folkehelsegrupper i dei vidaregåande skulane

- Strategisk arbeid med å integrere tannhelsetenesta i generelt folkehelsearbeid i kommunane

Samarbeidet med fylkesmannen har m.a. handla om:

- Overgrep mot barn
- Røykeslutt
- Deltaking på ulike kurs og konferansar

Det er i 2012 3 ressursgrupper i tannhelsetenesta:

- Ressursgruppe for arbeid med grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie (gruppe C).
- Ressursgruppe for arbeid med barnevern
- Ressursgruppe for folkehelsearbeid

Desse gruppene skal vere ein fagleg ressurs og gje rettleiing og informasjon til tannhelsepersonalet.



Verdas vassdag vart markert 22.03.2012, her frå Florø Ungdomsskule. .

I 2012 har talet på bekymringsmeldingar frå tannhelsetenesta til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt og overgrep auka. Tannhelsepersonell har teke oppgåva på alvor samarbeid med barnevern fungerer godt. Samarbeidsavtalar med tannhelsetenesta i Rogaland og Hordaland, Universitetet i Bergen, Statens barnehus i Bergen og Stavanger og RVTS-vest er vidareført.

Etter å ha etablert samarbeid med kommunane ser vi tydleg at helsepersonell har eit behov for å auke kompetansen innan oral helse og at tannhelsepersonalet må ha eit tydelegare fokus på samarbeid med anna helsepersonell. På dette

grunnlaget søkte og fekk Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane prosjektmidlar frå Helsedirektoratet for vidareføring av dette arbeidet med tanke på kvalitet, forankring og utvikling av undervisninga.

Måloppnåing / resultatvurdering

Økonomisk resultat (tal i tusen kr)

Utgifts- og inntekstpostar	Rekneskap		Budsjett	Avvik
	2011	2012	2012	R12-B12
Bruttoutgift	100 568	107 165	103 012	4 153
Løn inkl. sosiale kostnader	72 270	73 580	75 196	-1 616
Løn i % av bruttoutgift	72 %	69 %	73 %	0
Honorar inntekt	22 459	22 278	24 972	-2 694
Husleige	5 506	5 726	5 527	199
Husleige i % av brutto utgift	5 %	5 %	5 %	
Nettoutgift	71 912	74 871	74 871	0
Nettoutgift i % av bruttoutgift	72 %	70 %	73 %	3
Løn i % av netto	100 %	98 %	100 %	0


Rekneskapet er gjort opp med balanse ved bruk av disposisjonsfond på kr 5,292 mill. Overskotet skuldast vakansar, betre rutinar for oppfølging av sjukmelde og høgre salsinntekter enn venta ut frå lågare bemanning enn i 2011. Reduksjon i tal ikkje møtt timar i høve 2011 gjev og betre effektivitet.

Det er og gjort eit stort arbeide med å halde kostnader nede. Tannhelsetenesta har i 2012 utvist stor grad av budsjettdisiplin.

Takstane vart auka med 10 % frå 1. januar 2012.

Tannhelsetenesta Rekneskap 2012

Utgifts- og inntektspostar	Rekneskap 2012
Løn og sosiale utgifter	73 580
Varer og tenester	25 186
Eksterne kjøp	-
Meirverdiavgift	3 108
Sum bruttoutgift	101 874
Salsinntekter	24 591
Refusjonar	7 704
Bruk av disposisjonsfond	-5 292
Nettoutgifter	74 871



Provisjon

For 2012 vart det inngått ny avtale om provisjonsavløning for tannlegar i den offentlege tannhelsetenesta. For dei

tannlegane som gjorde avtale om provisjon gav dette ei samla utbetaling på om lag kr 3 mill. inklusive sosiale kostnader.

Personalutvikling

Det er nytta om lag kr 1,2 mill. til personalutviklingstiltak i 2012. Midlane er

nytta til eksterne kurs og seminar og kurs arrangert av arbeidsgjevar.

Investeringsbudsjettet

Det årlege investeringsbudsjettet var i 2012 på kr 4,0 mill. inkl. mva. Det er gjort ei grov berekning på at det er behov for om lag kr 5,5 mill. for å halde unitar, autoklavar, kompressorar og anna utstyr i god stand.

Investeringsmidlane vart auka opp i 2012 og nærmar seg no eit nivå som gjer at utsyr kan skiftast slik at vi unngår uønskt driftstans.

Tannhelsesresultat

Det vert kvart år registrert tannhelsesdata på dei såkalla nøkkelårskulla som er 5-, 12- og 18-åringane.

5-åringane (fødd 2007)


Registreringane i 2012 syner at 85,1 % av dette årskullet har DMFT = 0, dvs. feilfrie tenner, og dette er det beste resultatet nokon gong.

Tilsvarande tal for 2011 var 81,4 %, og det ser ut til at dei gode resultatata vi har sett dei siste åra held fram.

Resultatet for 2012 ligg godt over målet på 80 % og er i landstoppen.

Figuren under viser utviklinga i desse

registreringane frå 1994 og fram til i dag.



12-åringane (fødd 2000)

Registreringane i 2012 for denne gruppa viser at 59,3 % ikkje har hol eller fyllingar, og gjennomsnitt DMFT er på 0,9. Tilsvarande tal for 2011 var 59,9 % og 0,9 så her har resultatane omtrent uendra. Måltala er 50 % og 1,2. SIC indeks for 12 åringar er 2,61 mot 2,57 i 2011. WHO (Verdens

Helse Organisasjon) sine måltal globalt er 3,0 før 2015. SIC indeksen er eit gjennomsnitt av tal hol hjå den tredjedelen av 12 åringane som har dårlegast tannhelse. Vi ligg altså godt under dei måltala som gjeld for sektoren.


18-åringane (fødd 1994)

Registreringane i 2012 for denne gruppa viser at 21,0 % ikkje har hol eller fyllingar, og gjennomsnitt DMFT er på 4,2. Tilsvarande tal for 2011 var 21,3 % og 4,0.

Resultatet syner ein svak tilbakegang. Måltala her er 20 % og 4,5.

Figuren under syner utviklinga i desse registreringane frå 1994 fram til i dag.

Gjennomsnitt DMFT



Klagesaker

Det har kome inn 4 klagesaker 2012. Disse er handsama internt og ikkje så alvorlege at dei er sendt vidare til Helsetilsynet.

Balansert målstyring

Det vert vist til målekartet for tannhelsetenesta som er vedlegg til årsmeldinga. Her finn ein igjen dei

driftsresultat som er vald som måleindikatorar i dei ulike fokusområda sett inn i målekartet der dei høyrer heime.

Personell

I den offentlege tannhelsetenesta er det utført til saman 98,4 årsverk i 2012. Av desse er 33,7 tannlegeårsverk, 13,4 tannpleiarårsverk og 42,4 tannhelsesekretærårsverk.

Til administrasjon av tannhelsetenesta er det utført 7,6 årsverk, inklusive 1 årsverk utført av dentalteknikkar.

I 2012 er det tilsett 4 nye tannlegar, 2 i Stryn, 1 på Nordfjordeid og 1 i Førde.

Pr. 31.12.2012 er 7 tannlegestillingar ledige. 2 mellombelse og 5 faste.

Det er leigd inn vikartannlege i Måløy og Førde. Tannlegestudentar og tannpleiarstudentar hadde sommarjobb i tannhelsetenesta som del av rekrutteringsordninga. Tilbakemeldingane frå desse er gode og ordninga blir vidareført i 2013.

Private tannlegar har i 2012 utført om lag 32,6 årsverk i Sogn og Fjordane. I tillegg kjem om lag 5 årsverk knytt til private spesialistar.

Effektivisering

IKT

2012 har vore eit driftsår utan store investeringar på IKT sida. Tannhelsetenesta leverer no direkte oppgjer til HELFO. Denne ordninga kostar relativt mykje utan at fylkeskommunen får nokon gevinst. I 2012 har det vore stilstand og lite utvikling av dette nettet for

tannhelsetenesta sin del. Dette er tenester er pålagt frå sentrale myndigheter som vi må betale for. Fordelane er det pasienten og brukarane vår som får.

Klinikkstruktur

Fylkestinget gjorde i juni 2011 vedtak om å samlokalisering/legge ned tre klinikkar. Årdalstangen, Olden og Hafslo. Grunna

lange leigeavtalar er ikkje desse klinikkane lagde ned i 2012, men det vil bli jobba vidare med dette i 2013.

Ikkje møtt pasientar

For 2012 syner statistikken at det er 2612 timar der prioriterte pasientar ikkje har møtt til tannbehandling. I 2011 var talet 3291 timar. Reduksjonen på 679 timar utgjer eit halvt klinisk tannlegeårsverk og er soleis eit steg i riktig retning.

Ikkje møtt timar i 2012 utgjer likevel nesten to kliniske tannlegeårsverk. Framleis er talet for høgt og tannhelsetenesta må ha fokus på dette også i 2013.

Miljø

Alle dei offentlege tannklinikane har godkjend utskiljarutstyr for kvikksølv på tannlegeunitane eller på tannklinikken. Det er etablert ordning for handtering og levering av spesialavfall.

Innføringa av digitalt røntgen gjer at klinikkane ikkje lenger brukar fotokjemikalier.

Likestilling, likeverd og mangfald

Om lag 80 % av dei tilsette i tannhelsetenesta er kvinner. Tannhelsetenesta har i 2012 arbeidd vidare med tidlegare vedteken plan for likestilling, likeverd og mangfald. Planen har same overordna mål som overordna fylkeskommunal plan. Tannhelsetenesta har i 2012 satt fokus på å førebygge utvikling av svak tannhelse blant risikogrupper. Det er difor utvikla eit sett med kriterier for å identifisere

risikopasientar. Det ser ut til at svak tannhelse har samanheng med sosial status. Tannhelsetenesta vil som regional utviklingsaktør i Sogn og Fjordane forsøke å bidra til sosial utjamning i høve sosiale skilnader når det gjeld tannhelse. Også gjennom folkehelsearbeid kan tannhelsetenesta bidra som regional utviklingsaktør. Tannhelsetenesta bidreg til mellom anna til å redusere tobakksbruk

Utfordringar

Personell

Skal vi oppretthalde kvaliteten på tilbodet i den offentlege tannhelsetenesta er vi avhengig av å ha det personellet vi treng. I dag ligg utfordringane først og fremst på tannlegesida, det er heilt avgjerande at vi legg forholda til rette slik at det vert freistande å jobbe i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.

For rekruttering er nokre nøkkellord klinikkstruktur, klinikktilhøve, lønn, gode ordningar for fagleg vedlikehald, men og jobbtilbod til sambuar/ektefelle og barnehageplassar.

Meir generelt vert det ei utfordring å skape motivasjon og arbeidsglede hos alle

Rekrutterings- og stabiliseringstiltak

Dei tiltaka som vart vedtekne i fylkestinget i 2007 vart sett i verk i 2008 og vidareførde i 2012. Tilbodet om redusert arbeidstid til småbarnsforeldre er blitt lagt merke til og er nok ein av grunnane til god rekruttering. Samstundes er dette ei svært kostbar ordning. Det må i 2013 gjerast ei kost/nytte vurdering av dette tiltaket. Hevinga av

Utstyr

Det er viktig at investeringsbudsjettet gjer det mogeleg å oppgradere utstyret på tannklinikane slik at vi kan tilby moderne arbeidstilhøve, dette gjeld både tannlegeutstyr og datautstyr. Og i rekrutteringssamanheng er det svært viktig

Kvalitet

Kvalitetshandboka til tannhelsetenesta må det no gjerast ein hovudrevisjon på. Dette arbeidet må byrje i 2013. Ny organisering

Spesialistar

Generelt er spesialistdekkinga i Sogn og Fjordane for dårleg. Nokre spesialitetar manglar vi heilt, mens andre har for låg kapasitet, først og fremst kjeveortopedi (tannregulering). Saman med Rogaland og Hordaland fylkeskommunar arbeider ein

arbeidstakarane slik at dei opplever tannhelsetenesta som ein organisasjon prega av stabilitet, men og fleksibilitet og utvikling. Den gode tilgangen på tannlegar vi såg i 2011 endra seg brått i 2012. Det er tannlegemangel i delar av fylket. Det må også i 2013 leggest vekt på rekruttering av tannlegar. Det er gjeve varsel frå nokre av våre seniortannlegar kjem til å pensjonere seg i løpet av 2013. Dette er nøkkelpersonale med stor kunnskap og brei klinisk erfaring det vert vanskeleg å erstatte på kort sikt.

begynnarløna har gjort oss konkurransedyktige, og vi har gode ordningar for kursmidlar og høve til fagleg utvikling. Vi har og innført ei god provisjonsavtale for tannlegar. Tannhelsetenesta må framleis ha fokus på rekruttering og stabilisering av nøkkelpersonale.

at vi framstår med moderne og velutstyrte klinikkar. Investeringsbudsjettet er realistisk, men noko knapt i høve utskifting av utstyr i det tempoet tannhelsetenesta ønskjer.

og nye forskrifter gjer at dette rabeidet må prioriterast i 2013.

for å etablere regionalt odontologisk kompetansesenter som kan få ei avdeling i Sogn og Fjordane som m.a. skal drive desentralisert spesialistutdanning. Eit mogleg tidspunkt for etablering i Sogn og Fjordane er tidlegast 2016.

Fylkeskommunen har inngått avtale med ein tannlege som er under spesialisering til kjeveortoped og han kjem attende til fylket etter endt utdanning.

Fylkeskommunen har avtale med to kjeveortopedar om utleige av Lærdal tannklinikk er forlenga. Direktør for tannhelsetenesta kjenner til planar om

Omorganisering

Fylkestinget har vedteke ny organisering av tannhelsetenesta. Arbeidet med å gå bort frå distrikt til sentral leing og stab, starta hausten 2011 og vart satt i verk frå 1.1 2012. Tilsette har i 2012 teke denne

etablering av kjeveortopedisk praksis i Sogndal tidleg i 2013. For Nordfjordregionen vil det kanskje vere tenleg å reise til Ørsta for kjeveortopediske tenester. Det vil frå hausten 2013 vere 3 kjeveortopedar lokalisert der.

utfordringa og den nye organiseringa er innført. Den nye organiseringa bidreg til klare ansvarsforhold og at behandlarane våre kan konsentrere seg om å yte tenester til innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

Leiinga vil nytte høvet til å takke alle tilsette i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane for god innsats i 2012.

GOD TANNHELSE ER GOD FOLKEHELSE!!

Hermansverk, 20.3.2013



Bent Rønnekleiv
Direktør for tannhelsetenesta

Vedlegg

Tabellar:

- Årsverk i offentleg og privat sektor 2012
- Omfanget av tannhelsetenesta
- Tannhelsesdata nøkkelårskull
- Målekart

Tannhelsepersonale i den offentlege tannhelsetenesta

	Tannlegar		Tannpleiarar		Tannhelsesekr.		Administrativt		Anna personale	
	Utført	Vakant	Utført	Vakant	Utført	Vakant	Utført	Vakant	Utført	Vakant
Administr.							7,6	1,0		
Askvoll	1,8		0,4		2,0					
Aurland	1,0	1,0			1,0					
Balestrand	0,8	0,2			0,9	0,1				
Bremanger			0,5		0,5					
Dale	1,8		0,7		2,0				0,2	
Eid	1,4		1,0		1,4					
Eivindvik	0,6								0,3	
Florø	3,5	0,5	1,0		4,3					
Førde	2,5	2,0	1,8	0,2	3,9	1,1				
Gaupne	0,7	1,3	0,8	0,2	2,0				0,1	
Hardbakke	0,4									
Hyllestad	1,0		0,4		0,8					
Høyanger	2,0		0,8		2,1					
Lavik	1,0				1,0				0,2	
Leikanger	1,0		0,1		1,0					
Lærdal	0,6	0,4			1,0					
Måløy	0,8	1,0	1,0		2,0					
Sandane	2,0		1,0		2,5				0,3	
Sande	1,0				2,0					
Selje	1,0				1,0					
Sogndal	2,3	0,3	1,0		2,5	0,2				
Stryn	2,9		2,0		4,5					
Svelgen					0,5					
Vassenden	1,0		0,1	0,1	0,5	0,5			0,2	
Vik	0,6	0,4			1,0					
Årdal	2,0	0,0	0,8	0,2	2,0					
Totalt	33,7	7,1	13,4	0,7	42,4	1,9	7,6	1,0	1,3	0,0

Utførde årsverk den offentlege tannhelsetenesta:

98,4

Vakansar

10,7

Tal årsverk privat sektor Sogn og Fjordane

Tannlege	Tannpleiar	Kjeveortoped	Periodontist
32,6	3,5	1,2	2



Omfanget av den offentlege tannhelsetenesta pr. 31.12.2012


	Totalt tal personar pr. 31.12	Under tilsyn					Ikkje under tilsyn	
		Personar undersøkt/ behandla	Planlagt ikkje innkalla	Etterslep= ikkje beh./ ikkje planl. ikkje innkalla *	Sum personar under tilsyn	% under tilsyn	Takka nei til tilbod	Innkalla, ikkje møtt
Gruppe A1 0 - 2 år	736	33	567		190	26%		
Gruppe A2 3 - 18 år	22000	17944	2387	1331	21662	98%	63	136
Gruppe B Psyk.utv.hem.	453	392	27	11	430	95%	9	6
Gruppe C1 Inst. Klientell	1130	893	42	42	977	86%	17	
Gruppe C2 Heimesjukepl	2180	1530	107	55	1692	78%	209	4
Gruppe D 19 - 20 år	3012	2040	427	211	2678	89%	128	63
Fengsel	50	50			50	100%		
RUS	138	87	12	13	112	81%		6
Sum prioritert	29699	22969	3569	1663	27791	94%	426	215
Gruppe F Betalande	73216	6500	1133	1259	7907	11%	////	////

Narkose Førde sentralsjukehus	
Behandla	164
Internt henviste	10


TANNHELSEDATA PR 31.12.2012

5-ÅRINGER MED dmft =0, % AV ÅRSKULL																				
	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	
FYLKET	59	61	61,5	63,9	64	59,3	56,4	43,7	61,1	62,6	70,8	75,1	78	76,7	79,5	84,74	84,8	81,4	85,1	
GJ.SN. DMFT																				
FYLKET	12	2,1	1,8	1,6	1,5	1,2	1,4	1,3	1,5	1,2	1,3	1,2	1,3	1,0	1,2	1,2	1	0,9	0,9	
	18	7,4	6,8	5,7	5,6	5	4,9	4,7	4,7	3,9	4,5	4,4	4,9	4,1	4,5	4,2	4,1	4,0	4,2	

DMFT = 0 i % hos 5 - åringer



Gjennomsnitt DMFT



Tannhelsetenesta - målekart

Resultat sett i høve målekart 2012

Strategiske fokusområde er dei utvalde områda som vi skal vie størst merksemd i fylkeskommunen for å sikre måloppnåing.

Kritiske suksessfaktorar er dei faktorane som vi må få til for å lukkast innan kvart av dei valde fokusområda. Desse kan vi og kalle strategiane som fører fram mot måla.

Måleindikatorane/prosessane er i hovudsak målbare aktivitetar som fortel oss i kor stor grad vi lukkast i å oppnå dei kritiske suksessfaktorane. Desse er knytt opp mot kvar einskild suksessfaktor.

Strategisk fokusområde: Tenesteproduksjon/brukarperspektiv (T)

Kritisk suksessfaktor T1: Velfungerande tenesteproduksjon

Måleindikator T1-1: Prioritert klientell under tilsyn inndelt i gruppe a) - d)

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
Gruppe A2 (3 -18 år)		
98 %	90 %	90 %
Gruppe B (Psykisk utvikl. hemma)		
95 %	95 %	95 %
Gruppe C1 (Institusjonsklientell)		
86 %	85 %	85 %
Gruppe C2 (Klientar i heimesj.pl.)		
78 %	70 %	70 %
Gruppe D (19 - 20 år)		
89 %	60 %	60 %
Måleindikator T1-2: Klagesaker (tal per år)		

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
3	1-2	4

Måleindikator T1-3: Tannhelsesresultat gjennomsnitt DMFT 18 år

Gjennomsnitt tal tenner som har hol, er tapt eller har fylling på 18-åringar

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
4,2	4,5	5

Kritisk suksessfaktor T2: God rekruttering og stabilitet

Måleindikator T2-1: Tal vakante tannlegestillingar

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
7	0	2

Måleindikator T2-2: Mobilitet tannlegar

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Nytilsette jobbar min. 5 år	Nytilsette jobbar min. 4 år

Kritisk suksessfaktor T3: God informasjon til brukarane om organisasjonen sine tilbod

Måleindikator T3-1: Brukarane har god kjennskap til tannhelsetenesta sine tilbod

I brukarundersøkinga i 2009 var brukarane godt nøgde med tilbodet frå den offentlege tannhelsetenesta, men kjennskap til tilbodet vart ikkje målt. Ikkje målt på ny etter 2009.

Kritisk suksessfaktor T4: Gode rutinar/arenaar for brukarmedverknad**Måleindikator T4-1: Brukarane sin opplevde påverknad på innhald og kvalitet i tenestene**

I brukarundersøkinga 2009 var brukarane godt nøgde med tannhelsetenesta, men opplevd påverknad var ikkje målt. Ikkje målt på ny etter 2009.

Strategisk fokusområde: Regional utviklingsaktør (R)**Kritisk suksessfaktor R1: Kjenner utfordringane i fylket****Måleindikator R1-1: Analysere om plandokumenta våre identifiserer konkrete utfordringar i Sogn og Fjordane på tannhelseområdet**

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
Ny plan vedteken av fylkesting sak 6/10	Evaluering/rullering av plandokument	Ikkje definert

Kritisk suksessfaktor R2: Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar**Måleindikator R2-1: Inngå konkrete samarbeidsavtalar med kommunehelsetenesta**

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
Inngått avtalar med 26 av 26 kommunar	100 prosent	90 prosent

Kritisk suksessfaktor R3: Velfungerande tilbodsstruktur**Måleindikator R3-1: Reisetid frå tettstad til næraste tannklinikk**

I brukarundersøkinga 2009 var brukarane godt nøgde med plassering av tannklinikk og tilgjenge til klinikken. Reisetid vart ikkje målt. Ikkje gjort ny måling etter 2009.

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
Ikkje målt	< 60 min.	60 min.

Strategisk fokusområde: Rammevilkår/økonomi (Ø)**Kritisk suksessfaktor Ø1: Samsvar mellom mål og rammer i tannhelsetenesta****Måleindikator Ø1-1: Direktør for tannhelsetenesta si vurderingar av grad av samsvar mellom mål og rammer**

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
Mindreforbruk 5,2 mill	Maks 5 prosent avvik	5 prosent avvik

Måleindikator Ø1-2: Avvik i høve ramme i driftsavtalen med fylkesrådmannen

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
Overskot 5,2 mill	1 prosent overskot	5 prosent avvik

Kritisk suksessfaktor Ø2: Tilfredsstillande økonomikompetanse i tannhelsetenesta**Måleindikator Ø2-1: Avvik mellom driftsbudsjett, tertialrapportar (prog.) og årsrekneskap for tenesteområde**

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
Overskot 5,2 mill	1 prosent overskot	Budsjettbalanse

Kritisk suksessfaktor Ø3: Effektiv ressursbruk og tenesteproduksjon i tannhelsetenesta**Måleindikator Ø3-1: Netto driftsutgifter per person i dei prioriterte gruppene under tilsyn**

Tal for 2012 i KOSTRA er ikkje tilgjengelege før juni 2013

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Maks. 20 prosent over gjennomsnitt for alle fylkeskommunar i KOSTRA	Maks 30 prosent over gjennomsnitt for alle fylkeskommunar i KOSTRA

Måleindikator Ø3-2: Pasientinntekter

Resultat 2012	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
22,2 mill. kr	24 mill kr Føreset full bemanning	95 % av ønskt nivå



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Foto: Birthe Johanne Finstad